



31. oktober 2008

CONCORDIA SKAL KØYRE BUSS I NORDHORDLAND

Skyss kunngjorde 27. juni 2008 konkurranse om kontrakt for utføring av bussruteproduksjonen i Nordhordland for perioden 16. august 2009 - 15. august 2016.

Evaluering er no gjennomført og kontrakt er tildelt Concordia Bus Norge AS for drift av bussrutene i Nordhordland. Avgjerda er basert på ei vurdering av tildelingskriteria pris, kvalitet og miljø.

Concordia Buss AS var den av tilbydarane med lågast pris – kr. 94 411 000,- pr. år. Nest lågaste tilbod var på kr. 96 000 000,- og tredje lågaste tilbod var på kr. 98 750 000,-. Samtlege bussar vil vere nye ved oppstart av anbodet. Bussane blir levert med miljøvenlege EEV-motorar som gjev låge utslepp.

Dette er sjette område som vert konkurranseutsett i Hordaland og omfattar ruteproduksjonen i kommunane Austrheim, Radøy, Meland, Masfjorden og Lindås. Totalt er det tale om ca. 3,2 millionar rutekilometer pr. år.

Fjord1 Partner AS, Nettbuss Vest AS, Tide Buss AS og Veolia Transport Sør AS var dei fire andre som leverte inn anbod.

Kontaktpersonar:

Torill Selsvold Nyborg, fylkesordfører – telefon 55 23 90 11 / 915 22 733

Målfrid Vik Sønstabø, marknadssjef Skyss - telefon 916 53 176

Karl Inge Nygård, kontraktansvarleg Skyss - telefon 930 88 971